



Kurt Oksnes

Vår ref.

14/489/FA - L12/4103/70 25 88 58

Dykkar ref.

Dato:

01.03.2017

Melding om vedtak: Detaljregulering Solfjord

Norddal kommunestyre har i møte 16.02.17, med heimel i plan- og bygningslova §12-12, eigengodkjent detaljregulering Solfjord.

Planen omfattar området rundt gamle Eidsdal skule og delar av reguleringsplan Blomrobben bustadfelt.

Vedteke plan/ending er bindande for alle nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak som vist i pbl. §12-4, jf § 1-6, innanfor planen sitt område. Krav om innløysing eller erstatning etter pbl. § 15-2 og 15-3, må vere framlagt seinast 3 år etter denne kunngjeringa. Slike krav rettast skriftleg til kommunen.

Kart og saksdokument er lagt ut på servicetorget i rådhuset og på kommunen si nettside. Vedtak om eigengodkjenning er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf § 1-9 og forvaltningslova kap. VI. Eventuell klage skal vere framstilt skriftleg for Norddal kommune, Pb 144, 6211 Valldal eller post@norddal.kommune.no innan 31.03.17.

Med helsing

Martin Flatmo Hove
planleggar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
135465	1527_Plankart.pdf
135466	1527_planomtale.pdf